



Sogn og Fjordane vassregion



Hordaland vassregion

## Saman for vatnet

Høyringsdokument 1:

### Planprogram

for regional vassforvaltingsplan 2022 – 2027

Sogn og Fjordane vassregion og

Hordaland vassregion

## Skjema for høyringsinnspel

Du kan bruke dette skjema til å gje innspel til planprogrammet. Innspela vil hjelpe oss med å leggje ein god plan for å hente kunnskap om ditt lokale vassmiljø og utarbeide ein god forvaltingsplan. Alle innspel er viktige! Vi føretrekk innspel per e-post eller eDialog. Det er likevel høve til å sende innspel per post. Sjå adresser nedanfor.

**Frist for høyringsinnspel: 30. juni 2019**

**Send innspel til:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune,  
Askedalen 2, 6863 Leikanger

<https://www.sfj.no/>

[post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)

[Kontakt oss på eDialog](#)

Kontaktperson: [Merete Farstad](#)

Hordaland fylkeskommune,  
PB 7900, 5020 Bergen

<https://www.hordaland.no/>

[hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Kontaktperson: [Sveinung Klyve](#)



## Skjema for høyringsinnspel - planprogram

Namn:

Organisasjon/sektorstyresmakt  
(om relevant):

Adresse:

E-post:

Telefon:

Dato:

### Vi ønskjer særleg svar på følgande spørsmål:

- Er det tydeleg når og korleis ulike styresmakter skal delta i planlegginga?

*TIPS. Tidsplan for arbeidet med vassforvaltingsplanen er vist i figur 2. Forslag til arbeidsgrupper og utval er omtala i kapittel 6. Plan for deltaking og medverknad er vist i punkt 8.3.*

- Er det tydeleg når og korleis ulike interessentar kan medverke i arbeidet fram mot revidert og oppdatert forvaltingsplan og tiltaksprogram?

*TIPS. Plan for deltaking og medverknad er vist i punkt 8.3. Forslag til arbeidsgrupper og utval er gjeven i kapittel 6. Er det behov for å vise tydelegare moglegheitene for medverknad i arbeidet? Korleis gjer vi det?*

➤ Korleis bør vi organisere arbeidet i Vestland vassregion?

*TIPS. Forslag til korleis vi kan organisere arbeidet i Vestland vassregion er gjeven i kapittel 6. Er du samd i forslaget, eller ønskjer du å foreslå ei alternativ løysing?*

➤ Er det behov for å justere grensene for vassområda?

*TIPS. I kapittel 6 foreslår vi at nedbørsfelt i Balestrand kommune flyttast frå Ytre Sogn vassområde til Indre Sogn vassområde. Ingen andre endringar er føreslegne. Er du samd, eller har du forslag til annleis eller fleire justeringar på grensene mellom vassområda?*

➤ Er det tema eller utgreiingar som manglar i planprogrammet?

*TIPS. Kapittel 9 omtalar tema og utgreiingar som vi skal jobbe med for å oppdatere vassforvaltingsplanen, og for å kunne greie ut om konsekvensane som planen vil ha på miljø og samfunn. Er du samd i forslaga, eller manglar det noko?*

➤ Har de forslag til forbetringar i planprogrammet?

*TIPS. Her kan de legge fram konkrete forslag til forbetringar i planprogrammet.*

➤ Er det manglar i det føreslegne programmet for utgreiing av konsekvensar for miljø og samfunn?

*TIPS. Kapittel 10 foreslår ein metode og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing. Er du samd, eller manglar det noko?*

➤ Har de innspel om konkrete tiltak som bør vurderast og utgreiast, og eventuelle prioriteringar i det vidare planarbeidet?

*TIPS. Kapittel 10 omtalar prioriteringar for arbeidet fram mot oppdatert vassforvaltingsplan og tiltaksprogram. Har de forslag til andre eller fleire tiltak og prioriteringar for å betre vassmiljøet som vi bør vurdere og greie ut om?*

- Er det ønskeleg med regionale planføresegner knytt til vassforvaltingsplanen (plan- og bygningslova §8-5)?

*TIPS. Det er høve til å sette føresegn i den regionale vassforvaltingsplanen knytt til retningsliner for arealbruk, t.d. forbod mot bygging i visse område. Kommunane, fylkeskommunen og andre planorgan må legge regionale føresegnar til grunn i si planlegging og sakshandsaming. Er det ønskeleg med føresegnar i vassforvaltingsplanen? Vil det bidra til å sikre god vassforvaltning?*

- Har de andre kommentarar og innspel?

*TIPS. Her kan de til dømes gje attendemelding på det de tykkjer er bra med planprogrammet og det som ikkje er så bra eller som manglar. Kom gjerne med konkrete forslag til forbetringar.*